

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 2

juni 2004

Årgang 14



*Kontakten var der med ein gong!*

*Ragna Brenno Frydenberg på besøk hjå kong Harald på slottet, etter at ho hadde fått Kongens fortjenestemedalje i gull for innsatsen sin for langeleiken.*

- Når er det lagdans på Landskappleiken?**
- Kva gjer Trygve med arbeidsstipendet sitt?**
- Kva slags vyar har Oddrun for neste halvår?**

**Alt dette kan du få svar på om du les Låt o' Link.**

# GODE LESAR AV LÅT O' LINK!

Det er eit genialt trekk å lade opp til sumaren med ei Strunkeveko! O, den som hadde vore ung att... då skulle eg ha meldt meg på song, fele, hardingfele, langeleik, toradar, halling og pardans, det er heilt sikkert! Slik er det gjerne når ein er ung, ein vil vera med på alt, helst på ein gong. Det er ikkje alltid like lurt, men når det gjeld å prøve seg på song, instrument og dans, er ein inne på ein bra kombinasjon. Lydarlæte, innlevd lyrisk musikk, er vakkert, og musikk med god dansetakt er òg flott dersom ein har taktkjensle og gjerne har prøvd seg som dansar sjølv. Song er òg fint. Ein får uttrykt seg annleis enn når ein skal ta omsyn til finmotorikken i fingrane. Og så får ein lurt inn litt språk, litt folkelynne, kanskje får ein hjelp til å forstå heilheita i folkemusikkbegrepet.

Til hausten vil eg melde meg på munnhørpekurs òg, – for nybyrjarar mellom 12 og 18 år. Eg får neppe plass utan å betala dobbel avgift sidan eg er over dobbelt så gamal, men så treng eg sikkert dobbelt så lang tid på å lære òg som då eg var 15.

Kvifor masa om dette sidan det er all verdsens andre aktivitetar å bruke tida si på? Og sant nok, ein er for gamal til å kalle seg ung? Det er fordi leiaren i Vfl synest det er så artig å minne om kva årsmøtet i Vfl sa om målsetjinga i laget:

1. å vera tradisjonsberar
2. å ta vare på kvarandre i miljø og aktivitet!

Det er ikkje rart ein gler seg over all innsats de gjer for desse to punkta, anten de tenkjer over akkurat det eller ei. Og når år gjev elde, stive fingrar og råm røyst, må ein glede seg over at ein er like velkomen i aktiviteten, har like mykje å lære og å tilføre. Og blir ein gamal nok, betalar ein berre det halve...

Ha ein god kultursumar, og unn dykk å nyte mangfaldet!

Oddrun Hegge

## ANNONSE

### LANGELEIKLÆRAR,

vikar 25,65 % 01.08.04–31.12.04 i kulturskulane i Nord-Aurdal og Vestre Slidre.

Stillinga er fordelt med 10,27 % i Nord-Aurdal og 15,38 % i Vestre Slidre. Fleire opplysningar: Jon Gjesdal tlf. 971 43 320.

Send søknaden til Nord-Aurdal kulturskole, postboks 143, 2901 Fagernes. Søknadsfrist 30. juni 2004.

### CD med Valdres folkemusikkgruppe

CD-en **Spel ette** kan kjøpast på Musikkhjørnet, Fagernes.

Pris kr 99,-.

CD-en inneheld kjende, kjære låttar, og er eigna både som lydar-CD og til å spele etter.

*Musikarane:*

*Ole Aastad Bråten, Magne Olav Selland og Trygve Bolstad.*

## Du skal vel på Landskappleiken?

No er det like før: 23. juni brakar det laus i Eidfjord. Har du ikkje tinga deg husrom, seier du? Til Eidfjord er det ikkje lenger enn at det går an å ta seg ein dagstur. Elles er det rom under kvar ein busk no sommarstid, iallfall om du tek med eit telt.

Her er programmet (du finn fleire detaljar om du går inn på [www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)):

### Onsdag 23. juni

18.00: Jonsokbryllaup

21.00: Jonsokdans

### Torsdag 24. juni

10.00: Spel hardingfele B

11.00: Dans hardingfele C + D

13.00: Lagdans

14.00: Vokal D + B

20.00: *Under hardinghimmel-*  
opningskonsert

21.00: Kveldsdans

### Fredag 25. juni

10.00: Grupperpel hardingfele

11.00: Spel fele C

11.00: Spel hardingfele C + D

12.00: Dans hardingfele B

13.00: Fløyte

13.45: Munnharpe

15.30: Grupperpel fele

15.30: Vokal C

16.30: Lagspel fele

17.00: Lagspel hardingfele

17.00: Vokal A

18.30: *Unge spelemenn på gamle feler-*  
intimkonsert

20.30: Open klasse

21.00: Kveldsdans

22.00: Kyrkjekonsert

### Laurdag 26. juni

11.00: Dans hardingfele A

11.00: Spel fele D + B

11.00: Langeleik solo/samspel

13.15: Dans fele A

14.30: Andre eldre folkemusikk-  
instrument

15.00: Dans fele B

15.00: Spel hardingfele A

17.00: Spel fele A

18.30: Lausdans

21.00: Finalespel

21.00: Kveldsdans

### Sundag 27. juni

11.00: Gudsteneste

13.00: Meisterkonsert

## Valdres folkemusikkgruppe

*tek store og små oppdrag. Vi kan stille med fele, langeleik, munnharpe, dans, song, spel til springar og runddans.*

*Opplysningar og tinging: Jon Gjesdal tlf. 971 43 320.*

## Jørgen Trøen 70 år!

Valdres folkemusikklag  
gratulerer så mykje  
med dagen som var 6. juni!

# HELSING FRÅ HILME-NEMNDA

Som dei fleste sikkert veit, blir Jørn Hilme-stemnet arrangert for 44. gong i tida 19.–25. juli.

Eit par nye ting er under arbeid i høve stemnet. Det eine er å få næringslivet meir med på finansieringssida, det andre er å kople stemnet med andre kvalitetar i Valdres, slik som til dømes mat og kunst.

Dette gjer me for å skapa eit meir solid fundament for stemnet. Det er nødvendig fordi krava blir større og større. Det gjeld krava til det tekniske slik som lyd og lys, og det gjeld krava til innhald, slik som høg profesjonalitet i konsertane.

Når det gjeld dugnadsdelen, så blir det gjort ein flott innsats av alle frivillige. Vi er avhengige av desse for å kunna gjennomføre eit flott arrangement som Jørn Hilme-stemnet er.

Men ”sjela” til Jørn Hilme-stemnet skal ikkje rørast ved. Eg saksar dette frå faldaren: ”Stemnet er ein viktig medskapar og vidareutviklar av ein lokal identitet som har sterke røter i folkemusikken og folkedansen. Jørn Hilme-stemnet byr på ein unik sjanse til å oppleve og skapa levande valdreskultur.”

Høg kunstnarisk kvalitet og den trivelege, intime stemninga skal me ta vare på. Me håpar de vil trivast også på Jørn Hilme-stemnet 2004.

*Med helsing Ola N. Døvre, stemneleiar.*

# MEISTERMØYER OG MEISTERSPELEMENN

Tjue konsertar står på programmet til Jørn Hilme-stemnet i år, i tillegg til kurs, utstilling, kappleik og dans.

**Rispo** er storsatsinga i år. Denne fredagskonserten ligg i hendene til Pål Bratås, Niels J. og Anders E. Røine. Dei har regien for framsyninga Rispo, der gamle historier (rispo) blir sydd saman og pakka inn i lyd og bilete. Pål Bratås hadde regien for musikkvideoen til Jan Beitoaugen Granli, og er filmutdanna. Røine-brørne har gjort seg bemerkta innanfor folkemusikken over lengre tid. På scenen står Marit Mattisgard, Jon Elling Buen Garnås og Herbjørn Liahagen.

*Fredag 23. juli, kl. 19, Kulturhuset.*

**Meistermøy** handlar om trolldom og kjærleik, om ei sterk jente og guten ho vann seg. Trettiseks vestlandsungdommar utfaldar seg i denne danseframsyninga, som er eit resultat av prosjektet ”Fjordapuls”/Bygda Dansar i Sogn og Fjordane. Regien for stykket har Leif Stinnerbom, regissør ved Vestanå teater i Värmland – i Noreg kjent for blant anna oppsetjinga Skal – skal ikkje og Ein midtsommarnattsdraum ved Den Nationale Scene i Bergen.

*Torsdag 22. juli kl. 19, Kulturhuset.*

Elles kan vi lokke med **intimkonsertar** fredag, laurdag og sundag med vossingen Leif Rygg, Arne M. Sølvsberg og Synnøve S. Bjørset frå Sogn og Fjordane,

hemsedølane Herbjørn, Vigdis og Birger Liahagen, og valdrisane Knut Aastad Bråten og Johanna Fuglesteg. Det blir også cd-slepp med Trygve Bolstad, og vising av den nye musikkvideoen hans fredag kveld på museet.

**Kyrkjekonsert** blir det med Dvergmål, som vil fylle Skrautvål kyrkje med Elias Blix-songar *torsdag 22. juli kl. 21.*

Årets **pubkonsert** er med landskappleikvinnar Jon Anders Halvorsen (song), og Tore Bruvoll (gitar) på Fagerlund Gjestehus, som forresten har utarbeidd ein eigen Hilme-meny for svoltne stemmedeltakarar. Dei vil også stå for maten på Kulturhuset. *Fredag 23. juli kl. 17, Fagerlund Gjestehus.*

Thea Glimsdal er årets **stemnekunstnar**. Ho er opphavleg frå Fagernes, men no busett i Oslo. Ho let seg inspirere av folkedraktar, og lagar fargerike og kontrastfulle klede i vadsmål og silke. Utstillinga er open torsdag–sundag i Galleriet på Fagernes, med opning torsdag 22. juli kl. 18.

**Grindstuen og Midtlis** står for gamaldansmusikken i år.



Gratis **kurs i gamaldans** blir det tysdag og onsdag.

**Songkurset** i år er ved Gunnlaug Lien Myhr, som saman med Martin Myhr også vil ha ein barnekonsert i Galleriet søndag 25. juli kl. 12.

Elles har vi ein ny deltakarpremie i år – ein eigen hilme-cd med opptak frå kappleiken i fjor. Me håpar det motiverer til å bli med på tevlinga i år.

Her bør det vera noko som freistar dei fleste! For fullstendig program og kurs-påmelding, sjå [www.hilme.com](http://www.hilme.com), eller ring: 613 64 671.

E-post-adressa er [info@hilme.com](mailto:info@hilme.com). Kursadressa er: [kurs@hilme.com](mailto:kurs@hilme.com)

## EIGA FESTIVALAVIS

Jørn Hilme-stemnet gjev i år ut eiga festivalavis. Fleire gode og interessante artiklar kan den eksklusive avisa by på. Blant anna kan du lesa om festivalkunstnaren Thea Glimsdal, om kvifor hovudsponsorane støyr Hilme-stemnet, og intervju med Jørn Hilme (!).

# STYRA I FOLKEMUSIKKLAGA I VALDRES

## Valdres folkemusikklag

Oddrun Hegge (leiar) 61 36 56 52/971 76 868

Tone Voldhaug (nestleiar)

Aud Søyland (skrivar)

Trygve Bolstad (styremedlem)

Knut Opheimsbakken (styremedlem, repr. museet)

### Tilsette:

Solveig Hårdnes (dagleg leiar Hilme/Vfl) 61 36 46 71

Stian Roland (dagleg leiar Strunkeveko) 994 48 486

## Begnaljom

Inger Mari Sørnum (leiar)

Ragnhild B. Gullord (skrivar)

Sjur Olmhus (kasserar)

Sissel Skaran (styremedlem)

Svein Ivar Ødegaard (styremedlem)

## Valdreskvelven

Kari Hagaseth (leiar) 61 36 82 27/988 57 553

Karin Trøen Hagen (nestleiar)

Nils Rogn (kasserar)

Ingrid Skavhaug (sekretær)

Tron Kittelsen (styremedlem)

Nettside: <http://home.no.net/vangspel/>

## Valdreslaget i Oslo

Elisabeth Bring (leiar) 22 13 79 64

Trond Roseth (kasserar)

Else Karin Skåren (styremedlem)

Martha Reksten (styremedlem)

Margrete Aarflot (styremedlem)

## Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag

Astrid Olga Bråten (kontaktperson) 61 34 33 14/900 64 316

Gjermund Før (styremedlem)

Guri Marie Hegge (styremedlem)

Anne-Marit Røn (styremedlem)

Nils Olav Bakken (styremedlem)

## Vårflaumen spel- og dansarlag

KnutAastad Bråten (leiar) 907 68 797  
Alice Gudheim (styremedlem)  
Inger Marit Viken (kasserar)  
Gunnar Kværne Amundsen (styremedlem)  
Hallgeir Rogstad (styremedlem)

## Øystre Slidre spel- og dansarlag

Jorunn Nordli (kontaktperson) 61 34 22 66  
Kari Steinsrud (nestformann)  
Kari Grøslund (kasserar)  
Audun Rogne (sekretær)  
Jan Beitohaugen Granli (styremedlem)

---

## VÅRFLAUMEN KALLAR!

Vårflaumen spel- og dansarlag ynskjer alle medlemmer og spele- og danseglade i heile Valdres ein riktig god sumar. Styremedlemmene og ikkje minst varamedlemmene har take seg ein durabel sumarferie for å samle krefter til haustens store oppgåver. Og terminlista byr på mange godbitar: Vi kjem til å halde fram med danseøvingane i lag med Vestre Slidre folkemusikk- og dansarlag, vi skal skipe til hallingkurs for spretne gitar og jenter, toradarkurs blir det også, og sjølvstøtt yngretreff i lag med Øystre Slidre spel- og dansarlag. Vi kjem også til å dra i gang springarkurs for nybyrjarar/litt øvde. Nytt frå hausten blir songkurs i samarbeid med Nord-Aurdal mållag. Meir informasjon om dette får du seinare. Følg med i avisa Valdres og gjennom Låt o' Link.

Men aller fyrst er det landskappleik og Jørn Hilme-stemme. Mange valdrisar har meldt seg på til tevlingane. Vårflaumen ynskjer alle valdresdeltakarar lykke til.

*Knut*

## HAUSTPLANAR FRÅ ØYSTRE SLIDRE

Me held fram med den tradisjonelle søndagsdansen tredje sundagen i kvar månad. Vidare blir det fredagsdansar fyrste fredagen i kvar månad.

Av kurstillbod blir det hardingfele annankvar torsdag, me held fram med tilbod for toradar, og me tek sikte på å få til nokre samspelkveldar for langeleik før jul. Når det gjeld song, held me fram med nytt kurs for tilsette i skule og barnehage. I tillegg til dette har me planar om å få til eit par miniseminar.

Låt o' leven vil bli vidareutvikla til hausten.

Yngretreff blir laurdag 16. oktober på Skrautvål skule.

Til slutt eit hint som andre lag godt kan følge opp: Øystre Slidre spel- og dansarlag har gjort eit vedtak om å støtte alle frå Øystre Slidre som deltek på Strunkeveko, med 1000 kr.

*Jorunn*

# KUNSTNARSTIPENDIATEN TRYGVE

Hardingfelespelaren i Hedalen har fått Statens arbeidsstipend for kunstnarar på 158 000 kroner i to år, for å vidareutvikle slåttespelet sitt.

I fjor fylte Trygve Bolstad 60 år. Han vart feira med ein stor konsert på Kultur-



*Trygve, teikna av Raymond Skaran, 10 år, elev.*

huset i Nord-Aurdal og gjort krus på av store og små. No er det grunn til å gratulere igjen, for Trygve fekk nyleg gladmelding om at han har fått Statens arbeidsstipend for kunstnarar for å kunne fordjupe seg i slåttemusikk, gjera ferdig CD-en sin og få eit pusterom frå undervisning og køyring.

Trygve vart fødd i Øystre Slidre i 1943. Han voks opp i eit levande folkemusikk-miljø, og lærte å spela heime og av slektningar. I tillegg til faren Knut var onklane Ingvar Daleng og Magnus Daleng med på å setja sitt preg på den unge spelemannen.

Trygve er i dag busett i Hedalen i Valdres, der han ved sida av arbeidet som folkemusikar og instruktør driv gard i lag med kona Borghild. I 1966 starta Torleiv Bolstad som folkemusikkinstruktør i Valdres, og frå 1980 har Trygve vidareført dette arbeidet. Han har dessutan vore med i Valdres folkemusikkgruppe heilt frå starten i 1988.

Trygve er ein tolmodig læremeister og pedagog og har eit eige lag med ungar. Me ser at det gror etter han. Dessutan er Trygve ei viktig kjelde til kunnskap om låttane, og det er knapt nokon som evnar å formidle spelemannshistorier så godt og humoristisk som han. Dei siste åra har han undervist om lag 30 elevar i året.

Trygve meiner det er best når eleven kan sitja og fange opp det som skjer; sjå, lytte og herme slik det vart gjort i eldre tid. Dette fungerer ofte like så bra som å bruke mange ord.

Trygve har delteke på kappleikar – lokale og nasjonale – i ei årrekkje. Han oppmodar spelemenn i alle aldrar til å stille opp, og trur at kappleikar er med på å halde interessa for musikken oppe. Kappleikane er ein viktig arena for læring ved at unge utøvarar kan lytte til og vera i lag med andre spelemenn.

På 80-talet hadde Trygve ansvaret aleine for det meste av planlegginga på Hilme-



stemnet – alt ifrå å skaffe dommarar til å organisere konkurransen og kjøpe inn premiar.

– Hilme-stemnet er nok det viktigaste stemnet for meg, seier Trygve. – Dersom ein tek vare på og set den gamle slåttemusikken i fokus, synest eg det må vera rom for utvikling og nytanking. Dei som driv i dag, gjer ein fantastisk innsats. Ein veldig positiv ting er dessutan Strunkeveko.

Trygve representerer folkeleg tradisjon og valdrespel på sitt beste. Han har ein personleg spelestil – frå det vare til det friske med ein friidom til og ein kunnskap om stoffet som berre ein erfaren og ekte spelemann kan ha. Låttrepertoaret er stort, og i tillegg har han laga ei rekkje nye låttar. Ein konsert med Trygve med berre eigenkomponerte låttar er noko ein kunne ynskje seg.

– Du er ein tolmodig person. Er du nokon gong utolmodig?

– La meg seia det slik at eg er så tolmodig at eg må ha tolmodige vener, svarar

Trygve.

*Bente Hemsing*

---

## FOLKEMUSIKKSCENA ER I VALDRES

Visste du at du no kan gå på konsertane til Den norske folkemusikkscena – i Valdres? I vår har det vorte arrangert to konsertar – ein med Ingvill Marit Buen Garnås, Per Anders Buen Garnås, Harald Høyvik og Anders Røine, og ein med ”Tre begrædelige Piger”. Det var stemningsfullt å oppleve desse gruppene på nært hald i dei gamle, vakre lokale i Fagerlund gjestehus. At konsertane til Den norske folkemusikkscena held høg kvalitet, er det ingen tvil om.

Me vil freiste dykk med nye spennande konserttilbod til hausten. Hjarteleg velkomne!

## TRENG PUST I GLØRNE

På leiarmøtet for lokallaga i Valdres kom det fram bekymring for langeleiken og framtidig rekruttering i enkelte bygder. I Øystre Slidre er det per dato to langeleikelevar i musikkskulen. I Nord-Aurdal og Vestre Slidre er trenden positiv. Likevel er aktiviteten sett under eitt liten for vidarekomne elevar, tidlegare elevar, langeleiklærarar og godt vaksne spelarar. Dette, kjære systrer og brør, må vi gjere noko med!

Låt o’ Link, lokallagsleiarane eller Valdres Folkemusikklag tek difor imot innspel frå dei som måtte meine noko om dette. I 2006 går landskappleiken av stabelen på Beitostølen, og ei fullstappa deltakarliste med aktive langeleikspelarar, langeleikkonsert og langeleikbuskspel burde vera ei realistisk målsetting. Elisabeth Kværne på folkemusikkarkivet har planar for samling og arkivdykk til hausten. Dette, og andre oppkvikkande samlingar, er med på å skape ein positiv trend framover. Like eins open dag på instrumentmakerverkstaden i juni.

Difor: Har du formeiningar om korleis vi skal auke aktiviteten og skape ei veksande interesse for langeleiken fram til landskappleiken i 2006, vil vi gjerne høyre frå deg.

## **Deltakarlista klar**

No er deltakarlista for landskappleiken i Eidfjord klar. Fleire valdrisar er klare for deltaking. Kjellbjørn Karsrud er einaste valdris i spel hardingfele klasse C.

– Eg har ikkje bestemt kva for lått eg skal spela enno, fortel Kjellbjørn, som likevel ber konkurrentane vera på vakt. – Eg har øvd svært mykje, fortel felespelaren.

Vidare finn vi Bergit Ødegård som einaste valdris i vokal folkemusikk klasse C. Vil du sjekke dei andre valdresdeltakarane, finn du svaret på denne sida;

[www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)

## **Langeleikbedrift etablert**

Har du lyst på vakker langeleikmusikk, framført av to blide jenter?

Vi er to jenter i niande som startar opp med elevbedrift.

Vi ønskjer å spele langeleik for folk, og håpar det er nokre som er interessert.

Har de selskap, møte, eller rett og slett lyst til å høyre på langeleikspel, så ta kontakt.

Prisen kan vi bli einige om.

Med venleg helsing

Langhørpe-jentutn

## **KVEN BØR FÅ HALDOR RØYNES ÆRESPRIS 2004?**

På fredagskonserten under Jørn Hilme-stemnet skal ein verdig kandidat få Haldor Røynes ærespris. Nemnda som styrer med tildelinga, har nok nokre gode namn på lista si, men kanskje har du òg eit forslag? Send det så snart som råd – helst med ei lita grunngeving – til Nils Rogn, 2973 Ryfoss.

### **Haldor Røynes ærespris**

skal delast ut til valdrisar som har arbeidd effektivt for folkemusikk og bygdedans.

Til dømes:

- a) til spelemenn som har synt stor interesse for å lære seg låttar i god gamal tradisjon, og gjerne lærer dei vidare til unge spelemenn – slik at folkemusikken kan vera levande i bygdene våre.
- b) til personar som har arbeidd med samling av låttar og/eller historisk stoff som har med folkemusikk og -dans i Valdres å gjera.
- c) til personar som har gjort ein god jobb med opplæring i spel eller dans.
- d) til personar som har arbeidd effektivt i lag eller samanslutningar som har folkemusikk og bygdedans som sitt føremål.
- e) til personar som har spreidd opplysning og interesse for folkemusikk og folkedans.

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løstre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langsøegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidsiendomar
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigjenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

Returadresse:  
Valdres folkemusikklag,  
Tynvegen 27,  
2900 Fagernes

# B

## *Velkomne til den tiande munnhørpefestivalen!* *24.-26. september på FAGERNES*

Fagernes var arenaen for den fyrste munnhørpefestivalen i 1995, ein overraskande deltakarsuksess der hundre entusiastar møttest på Valdres Folkemuseum. Om Valdres Folkemusikklag kan gjera same suksessen ved ti-årsjubileet i år, vil me ikkje spå om, men det er ei glede for oss i lag med Norsk Munnharpeforum å ynskje entusiastar hjarteleg velkomne!

Programmet vil bli ei fin 10-årsmarkering med høgdepunktet ved jubileums-konsert på Slidrehuset, museet, laurdag. Dagane blir fylte med kurs: nybyrjarkurs med John Melhus som instruktør (me appellerer særskilt til ungdom 12–18 år på eitt av desse), valdresspel med Anders Røine som instruktør, arrangert samspel med Svein Westad, gruppearbeid leidd av Rolf Karlberg og fagsamling for instrumentmakarar rundt Knut Opheimsbakken.

Fredag er Fagerlund Gjestehus samlingsstaden. Her blir det ein opningskonsert. Elles lovar me gode høve for "buskspel".

Deltakaravgift: kr 400, som dekkjer kurs, seminar, lunsj, kaffimat og konsert. Ungdom under 18 år og pensjonistar: kr 300. Middag på Nystøga laurdag kjem i tillegg (kr 100).

Nytt dette høvet til innføring i ein ny hobby eller utvikling av alt tileigna kunster. Eller nyt musikken som tilhøyrar.

For spørsmål, ta gjerne kontakt med Rolf Karlberg, tlf. 61 34 24 48 eller leiar i Valdres Folkemusikklag, Oddrun Hegge, tlf. 971 76 868, e-post: [audrun@frisurf.no](mailto:audrun@frisurf.no)

Velkomne!